

► / NYTT

# Frustrerte hyttefolk på Kalla

Hyttefolk på Kalland i Stamnes meiner at ein grunneigar i området deira, med nye restriksjonar og krav, skaper utrivnad og gjer det gode hyttelivet dei til no har levd, alt anna enn enkelt.

► **Magne Solhaug**  
ms@vp.no

VP har møtt tre av hytteeigarane i det no over 50 år gamle hyttefeltet på Kallandsklubben; ekteparet Kari Margrete og Trond Åkernes frå Åsane og Jørn Jetmundsen frå Fyllingsdalen.

— **Livet på hytta, ikkje som det var**  
Dei tre bergensarane har stortrivst på Kalland fram til i fjor. Men seier at det som har skjedd det siste året, har byrja å tæra skikkeleg både på trivnad og humør.

Det heile starta etter at ny grunneigar overtok garden på Øvre Kalland.

— Ein ting er grunneigaren sine nye, og det me meiner er uhaldbare krav, ein annan er også at Vaksdal kommune fram til no ikkje har hjelpt oss med noko når me har kontakta dei om det me meiner er klare brot på regelverket. For oss ser det ut som grunneigaren ikkje bryr seg i det heile, han berre turar på. Han har også sagt at han har fått lov til å gjera det han gjer av rådmannen (kommunedirektøren), seier Trond Åkernes.

## — Fantastiske Stamnes

Ekteparet Åkernes bygde hytte på Kalland for åtte år sidan. Høgt og fritt øvst på Kallandsklubben, og med utsyn både innover Eidsfjorden og utover Osterfjorden ligg heilårsparadiset deira.

— Ja, det er nemleg det det er, eit paradiset. Det vil seia at det har iallfall vore det. Framleis reiser me nesten kvar einaste helg, året rundt, til hytta vår her på fantastiske Stamnes. Ei heilt utruleg bygd, med så mange kjekke folk. Me deltek på mykje, i ungdomshuset og bedehuset, handlar alltid på butikken på Stamnes og går mykje turar i fjella rundt her. Mellom hyttefolka her er også det sosiale samhaldet stort. Me møtes ofte hjå kvarandre, tek ein øl eller drikk kaffi saman, pratlar og har det kjekt. Men i det siste har dessverre denne praten dreidd seg om mykje anna enn kjekke ting, sukkar Kari Margrete Åkernes.

## — Mange nye krav

— Kva er det som er gale?

— Det starta med at alle hytteeigarane, om lag 30 i talet, fekk e-post frå grunneigaren der han informerte at i hytteområdet skulle det no setjast ut



— **IKKJE KJEKT:** Trond og Kari Margrete Åkernes fortel om eit hytteliv på Kallandsklubben i Stamnes som ikkje lenger er slik det var.

beitedyr. I fyrste omgang sauer, men i tillegg til det kyr, oksar og andre dyr. Kva andre dyr fekk me ikkje vita. Me fekk krav om å gjerda inn eigedomane, luka vekk alle giftige planter og vekstar frå eigen grunn og elles fjerna alt der som kunne vera til fare for buskapen som skulle koma, fortel Åkernes.

## Berre sauer til no

Førebels er det ein liten flokk villsauger som er her. Ingen av dei andre dyra er kome endå, men e-posten fekk nokre til å gå i gang med ei omfattande inngjerding rundt hyttene sine.

I tillegg fekk ein vita at frå då av måtte ein erstatta reiskap som blei øydelagt av grus som spratt ut på grasnet ved køyring på grusvegen inn i hyttefeltet.

— Å skriva noko slikt, høyrer ikkje heime. Heilt sprøtt, meiner Åkernes.

Ein fekk også beskjed om restriksjonar når det gjeld bruken av parkeringsplassen som er knytt til hyttene.

— Dei fleste av hyttene har parkering på eiga tomt, men nokre få har hatt båthengjar eller tilhengjar for bil ståande på felles parkeringsplassar. Det går ikkje lenger, så i følgje grunneigaren er det altså han som skal bestemma kva me skal bruka våre eigne parkeringsplassar til.

## Har stengt gamle tilkomstvegar til sjøen

Vidare fortel dei at i alle år har ein kunna gått til sjøen i Inste

Kallandsvika, båtplassen ytst i Eidsfjorden.

— Me har kunna gått gjennom utmarka på ein gammal sti og delvis opparbeid veg ned til sjøen for å bruka båtane våre der, eller for å fiska eller bada. Den vegen og stien er no stengt med gjerde og låst port. Den andre vegen ned til Inste Kallandsvika er ein køyreveg ned til det gamle sanduttaket. Denne ligg mykje lenger unna hyttene våre. Vegen, som går ned til sjøen frå fylkesvegen øvst i Kallandsmarka, har me nytta når me set garn eller hadde mykje fiskeutstyr med oss i bil. Der var det bom med hengjelås før. Denne kunne me låsa opp og igjen etter bruk, me som hadde båtplass her. Denne er no stengt med ny lås, som me ikkje har nøkkel til. Me kan, heile året utanom ein måned om våren, gå gjennom ein liten port ved sida av. Men dette blir veldig tungvint, og heilt nødvendig. Det provoserer når me ikkje lenger kan gå ned til Inste Kallandsvika på stien gjennom skogen der folk har gått i generasjonar, eller køyra til båtplassen slik me har gjort i alle føregående år, fortel hyttefolka VP snakka med.

## «Bondens lov»

På vegen ned frå Kallandsmarka til båtplassane heng det også eit skilt om innkøyring forbode, og elles om kva retningslinjer som gjeld.

— Her står det mellom an-



— **DOBLING AV LEIGA:** Hytteeigar Jørn Jetmundsen fortel om ei dobling av årsleiga på båtplassen han hadde i Inste Kallandsvika, i tillegg til at båtplassen har blitt meir utilgjengeleg. Dette har gjort at han har funne seg ein ny plass til båten ein annan stad i bygda, lenger unna hytta si.

na at på andre sida av gjerdet gjeld «Bondens lov», og det står om oksar som kan stanga og at alle ferdsel skjer på eige ansvar. Førebels er det ein liten flokk sauer i området, oksar er det ikkje og «Bondens lov» er det ingenting som heiter. Dette er berre gjort for å provosera oss.

## — Dobbel leige for båtplass

Jørn Jetmundsen, som også er ein svært ivrig brukar av hytta si på Kalland, reagerer på det

nye kravet som kom i år om ei dobling av leiga på båtplassen.

— Årsleiga steig frå 3.000 kroner i fjor til 6.000 kroner i år, sånn heilt utan vidare, utan noko meir forklaring. Det vart spurt kvifor prisen dobla seg, men ein fekk svar at slik er det berre. Kanskje det er «Bondens lov» det også. Me brukar båten vår mykje, men slik som det no er blitt med stengt tilkomst og fleire tusen kroner i auka leige, så kan ikkje me bruka denne båtplassen lenger, seier Jet-

► / NYTT

## and

mundsen.

— Utruleg trist, og me er mange som har det på same måten her på Kallandsklubben. Me kan ikkje forstå kvifor ikkje grunneigaren kan vera litt meir imøtekomande, komma til oss og prata eller svara skapleg når me spør. Me burde vel saman kunna få til ein konstruktiv plan for framtida vår i lag her inne. Slik det er no, er det heilt håplaut. Me har prøvt, men det er umogeleg å få til ein dialog, lyder eit felles hjertesukk frå alle tre hyttefolka VP snakkar med på Kalland.

## — Kommunen svarar ikkje

Trond Åkernes fortel at det står i kommuneplanen at Inste Kallandsvika skal vera båthamn.

— Men, no er det i ferd me å bli innmark der. Grunneigaren har mellom anna fylt ut i vika med massar. Me har fleire gonger teke kontakt med Vaksdal kommune om både dette og anna me her har påpeikt. Me ville vita kva ny eigar kan gjera og krevja oss for og kva han ikkje kan gjera. Eg har ringt og snakka med folk i kommuneadministrasjonen, og har sendt e-post. Men, me får ikkje svar, det er så fortvilande. Kommunen har då eit ansvar med å syta for at for at strandlova og allemannsretten vert følgt. Me kan ikkje sjå at dette skjer her, sa Trond Åkernes då VP snakka med han på hytta i Kallandsklubben nyleg.

Sjølv om han har tinglyst rett til båt plass i Inste Kallandsvika, så finn også han det uråd slik tilhøva er å bruka sin eigen båt plass. Både han og Jetmundsen har leigd ny plass til båtane sine ein annan stad i bygda.

— Me betalar våre kommunale avgifter med eigedomsskatt og anna, og me handlar i lokale butikkar, mange av oss handlar

mykje. Me bidreg verkeleg, meiner me, til lokalsamfunnet her. Vaksdal kommune har visst om desse problema våre i lang tid, utan å ta tak i det, seier Jetmundsen.

## — Kommunen svarte

Like etter at VP hadde snakka med hyttefolka på Kalland, så vart Åkernes kalla inn til møte med kommunedirektøren og folka hans om utfordringane han og andre hytteeigarar har påpeikt.

— Det var både veldig overraskande og positivt at dei endelege ville snakka med oss, og at me fekk lagt fram saka vår. Dei lova å ta kontakt med grunneigaren, for å sjå om ein kan få til ei løysing. Det er å håpa. Førebels er eg ikkje stor optimist, sjølv om me fekk stadfesta at mykje av det me fortalde at grunneigar hadde gjort, ikkje ser ut som det er gjort etter boka. Inntrykket me sit att med er likevel at dette kan ta tid å få ordna opp i, seier Åkernes.

Det som gjer han litt optimistisk er beskjeden han fekk på møtet om påstått dialog mellom grunneigaren og kommunen.

— Kommunedirektøren sa at han aldri hadde gjeve noko løyve til grunneigaren for desse tiltaka han har gjort, slik grunneigaren hevda til oss han har fått. Og me fekk også stadfesta at det heller ikkje er søkt om tiltak i området, slik me meiner at det skulle ha vore gjort i alle fall i ein skilde av tilfella me har påpeikt. Så her har kommunen høve til å gjera noko, i alle fall sjekka opp saka og koma til oss med eit svar, om dei vil då, seier Trond Åkernes.



«BONDENS LOV»: Dette skiltet står på ein låst port på den gamle vegen ned til Inste Kallandsvika. Denne vegen, som er ein lang omveg frå hyttene i Kallandsklubben, kan ein gå på, men ikkje lenger køyra.

## Kommunedirektøren ønskjer å ha møte med grunneigaren

— Me ønskjer dialog med grunneigaren, og vil kalla han inn til møte ein av dei første dagane, seier kommunedirektør Atle Fasteland.

Fasteland vedgår at kommunen i denne saka har komme for seint på bana. Først nyleg har ein hatt møte med hytteeigarar, som for lenge sidan har vendt seg til kommunen med utfordringane

dei hevda å ha møtt hjå den nye grunneigaren på Kallandsklubben. Trass også i fleire purringar frå desse, har Vaksdal kommune ikkje svart dei før no.

— Her må eg berre beklaga. Dette er ei sak me burde hatt gripe tak i før, seier Fasteland til VP.

Om saka elles ønskjer han ikkje å seia så mykje før han har

## — Hytteeigarar må tilpassa seg ei ny tid

**Grunneigar Ronny Lilletvedt meiner at hytteeigarane bommar med kritikken sin, og at dei må tilpassa seg den nye tida som er komen til Kallandsklubben med ny aktivitet på det tidlegare utmarksbeitet.**

På Øvre Kalland har det ikkje vore gardsdrift på over 20 år. Med om lag 25 sauer og lam har Lilletvedt starta på det han planlegg skal bli ei større drift, med utmarksbeite på heile Kallandsklubben. Førebels er det berre sauer, men han har planar om å utvida, også med andre dyr.

— Ja, på sikt kan det bli aktuelt med storfe, til dømes oksar på Kallandsklubben, som er definert som utmarksbeite.

## Vegkrangelen

— Du har stengt den gamle vegen ned til Inste Kallandsvika?

— Det er gammal innmark der, som eg no planlegg å opparbeida att. Eg har også kjøpt det gamle, nedlagde småbruket «Skjoraleite», som den stengde stien gjekk gjennom. Men hyttefolka har alternativ veg ned dei kan nytta heile året, utanom ein månad i lemninga.

— Men dei kan ikkje køyra ned, og det er mykje lenger unna?

— Ja, men dei har eit alternativ. Og eg vil ikkje ha biltrafikk ned der lenger, dette på grunn av dyra mine som går der heile året. Det treng vel ikkje vera slik at ein berre skal kunna snu seg i bilsetet og trakka ned i båten?

## — Har ikkje auka prisen

— Så vert det hevda at du har lagt kraftig på prisen for å leiga båt plass i området og at du driv med utfylling i sjøen slik at dei lyt flytta båt plassane sine?

— Prisen på båt plass er den same som har vore, eg tek 3.000 kroner året. Eg planerer det gamle sandtaket og sår idet. I strandsona har eg vølt ein gammal kai og planert ein steintipp. Eg har lagt på jord og sådd i området. Folk frå kommunen har vore her på synfaring. Eg fekk det då skriftleg frå dei at alt var OK. Så no held eg fram vidare med å ordna området tilbake til slik det opphavleg var med innmark som går heilt til sjøen. Tiltaka i Inste Kallandsvika er gjort for å få eit større innmarksareal. Men båtar skal det framleis vera plass til, men då kan det bli på nye plassar, seier



**STØRRE AREAL:** Grunneigar Ronny Lilletvedt arbeider med å gjera den gamle sandgrupa om att til innmark, slik det var på garden på Kalland før i tida.

Lilletvedt.

## Hevdar dette er misforståingar

Når det gjeld parkeringsproblematikken, krav om gjerdeplikt, fjerning av grus og ville plantar og vekstar, svarar Lilletvedt:

— Hyttefolka har ein felles parkeringsplass der dei skal parkera og gå derifrå på stiar til hyttene sine. Nokre har tomter som grensar heilt i veg og kan då parkera på eiga tomt. Men så er det då andre igjen som har opparbeida seg parkeringsplass utanfor vegen på min eigedom, utan at dette er avtalt. Det kan eg ikkje godta. Når det gjeld inngjerding av hyttetomt i utmark så har eg aldri kravd det, det er heller ikkje lov. Me snakkar her om eit område mellom innmarka og Kallandsklubben. Under brøyting kjem det grus og stein inn på innmarka mi på grunn av det som eg meiner er dårleg vedlikehald av vegen som går over innmarka mi. Og med plantar og vekstar, meiner eg slik som er planta ved hyttene, hageplantar som rhododendron. Det er gift for villsauen.

## «Bondens lov»

På skiltet på den privat vegen ned til den gamle sandgrupa, er ein tekst som også hyttefolka reagerer på.

— «Bondens lov» — kva er det?

— Dette er eit namn eg har brukt, du finn det ikkje i noko lovverk. Det eg her prøver å seia er at hytteeigarane må tilpassa seg ei ny tid når det no vert aktivitet att på garden her på Kal-

land. Då gjeld andre lover og reglar enn det som har vore.

— Hytteeigarane hevda at du seier at du har snakka med kommunedirektøren og fått godkjenning for tiltaka du gjer. Kommunedirektøren sjølv minnst ikkje ein slik dialog?

— Eg har snakka med folka hans om arbeidet eg gjer på eigedomen, og fått forsikringar om at det er positivt. Eg gjer ikkje noko gale, eg prøver berre å leggja til rette for å skapa ei gardsdrift med utgangardyr som kan forsvarast.

## — Berre sprøyt

— Kva seier du til at hytteeigarane VP har snakka med seier at du er lite imøtekomande, og at dei ikkje får svar hjå deg når dei spør. Dei har prøvt å få til ein dialog, men har ikkje lukkast.

— Det er berre sprøyt. Dialog har det vore heile tida med hyttefolka, i hovudsak då gjennom hyttelaget deira. Problemet er at dei ikkje vil tilpassa seg at det er drift på garden. Dei ville helst sett at alt låg brakk og at dei kunne halda fram med å gjera det dei vil på annan manns grunn.

— Men dialog er det, seier du — og du har ingen problem med å drøfta saka vidare for å prøva å finna ei løysing som de alle kan leva med?

— Nei, det har eg ikkje, men som sagt så må dei innretta seg etter den nye tida her på garden, seier grunneigar Ronny Lilletvedt.

ter kva eg hugsar no, tema.

— Kva tenkjer du om at mis-trivnaden er så stor blant mange tilreisande som tydelegvis elles trivst svært godt i Stamnesbygda?

— Det synest eg er svært trist, og eg håpar at me kan bidra for å løysa opp i denne floka, seier kommunedirektøren.

— Det vil eg ikkje meina noko om før me har hatt møte med grunneigaren.

— Hytteeigarane fortel til VP at grunneigaren har sagt til dei at tiltaka han gjer på eigedommen sin, har han avklart med deg?

— Eg har hatt eitt møte med han sidan han overtok bruket. Då var ikkje noko av dette dei har fortalt skjer på eigedommen, et-

hatt møte med grunneigaren.

— Det som er kommunen si oppgave her er å forsikra oss om at gjeldande regelverk vert følgt når det gjeld mellom anna slikt som dyrking, nydyrking og praktiseringa av allemannsretten, seier Fasteland.

— Etter møtet du hadde med hytteeigarar, kva tenkjer du om desse tinga?